


# Kvardagskrigen i årboka





Forsida. Osvald Hjelseth er ein av bidragsytarane til årets utgåve av Rauma Historielag si årbok. Han har også laga illustrasjonen som pregar framsida av boka. Osvald opplevde krigen i Hjelvika. Han opplevde også at ein sambygding mista livet på grunn av krigen sin brutalitet. Det pregar teikninga. Illustrasjon: Osvald Hjelseth.

**Rauma Historielag. Kvardagskrigen i Rauma er eit viktig stikkord i Rauma Historielag si årbok. No er den tredje utgåva, smekkkfull av god lokalhistorie, snart klar for trykking.**

**Øystein Talberg 911 90 213**

Publisert: 12.11.2010 kl. 09:31

Endret: 12.11.2010 kl. 16:05

Men i tillegg til minner og historier frå krigshandlingar i kvardags-Romsdal, er det også mykje anna spanande stoff i boka som er på heile 241 sider.

Opplaget er på 600 eksemplar. Hadde det vore opp til skriftnemnda i historielaget, er dette eit opplag som skulle ha vorte rive bort.

No frir dei til både næringslivet og folk flest.

– Ei glimrande julegåve. Dette er lokalhistorie, som i både fotografi og tekst, blir teken vare på, poengterer Einar Klungnes i nemnda som håper køa med potensielle kundar er større enn i fjor. Då var nemleg ikkje salet så godt det burde ha vore.

Eit anna håp samme Klungnes har er at raumafolk no nyttar anledninga til å melde seg inn i Rauma Historielag. Med minimum 150 betalande medlemmar, hadde dei i langt større grad sikra naudsynt kapital mellom anna til det årlege og viktige bokprosjektet. Å vere medlem gir også økonomiske fordelar. Mellom anna blir årboka tilsendt; for ein rimelegare penge enn til dei som ikkje er medlemmar i historielaget.

– I dag er vi heilt avhengige av eit godt boksalg, noko vi sjølvsagt håper det skal bli, seier Einar Klungnes som set sin lit til at den tredje utgåva av historieboka for Rauma skal bli alle si julegåve.

Torgeir Næss fortel at tilgangen på stoff og bilder er betre enn nokon gong. Det gjer for det første at innhaldet i 2010-utgåva er variert og rikhaldig. Det gjer også at ein allereie nok kan sjå fram til 2011-utgåva med optimisme.

– Den same tilgangen gjer dessutan at vi kan presenterer ei bok med stoff og bilder frå heile Rauma. At folk frå alle kantar av kommunen vår skal føle seg heime i historielaget si årbok, er viktig, påpeikar Næss.

18.11.2010

Kvardagskrigen i årboka - Åndalsnes A...

Skriftnemnda lovar å komme attende til innhaldet i boka når boka ligg føre. Dei håper også å kunne delta på ein framtidig bokkafe på Rauma Folkebibliotek; kanskje i byrjinga av desember.